

ÅRSPLAN FOR NAUSTVÅGEN BARNEHAGE 2025 - 2026

- ei felles plattform -



Naustvågen barnehage

Ein stad der barn og vaksne trivst og har det godt i lag!

Innhaldsliste

- Side 3. Litt om Naustvågen
- Side 4. Visjonar, verdiar og vårt pedagogiske arbeid
- Side 6. Samarbeid heim-barnehage
- Side 7. Barn sin rett til medverknad
- Side 8. Overgangar
- Side 10. Omsorg, leik, læring og danning
- Side 14. Vurdering
- Side 16. Digitale verktøy
- Side 17. Årshjul
- Side 18. Godkjent årsplan

Litt om Naustvågen

Naustvågen barnehage er ei stifting og er eigd av tilsette ved Aker Solutions som til ei kvar tid har barn i barnehagen.

Dette barnehageåret er det 15 tilsette i Naustvågen barnehage og 52 barn.

Me har tre avdelingar og arbeider i grupper.

Naustvågen barnehage ligg i idylliske omgjevnader like ved Aker Solutions. Barnehagen ligg tett til sjø og brygge i området kalla Naustvågen - derav namnet.

Me har eigen parkeringsplass med oppmerka plassar for foreldre og tilsette.

Dei tilsette i barnehagen har teieplikt ifølgje barnehagelova § 44 og opplysningsplikt ifølgje barnehagelova § 45 og § 46.

Kap 8. i barnehagelova, §41-42, gir reglar om nulltoleranse i høve mobbing og førebyggjande arbeid i barnehagen, samt gir tilsette plikt til å sikra eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

Dagsrytme

Kl. 06.30 Barnehagen opnar, leik fram til frukost.

Kl. 08.00 Frukost, den varer til kl. 08.45.

Kl. 09.30 Gruppetid/leik/prosjekt.

Frukt blir servert som mellommåltid på alle avdelingar.

Kl. 12.15 Lunsj.

Kl. 13.00 Gruppetid/leik.

Kl. 16.15 Barnehagen stenger.

Visjonar, verdiar og vårt pedagogiske arbeid

«I barnehagen skal barna få leke og utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal ses i sammenheng og samlet bidra til barns allsidige utvikling»

Rammeplan kap. 3/1

Naustvågen sin visjon:

Naustvågen er ein stad der barn og vaksne trivst og har det godt i lag!

Barnehagen skal vera ein trygg og god stad for alle barn. Det er viktig at me arbeidar for at alle barn skal få gode relasjoner til dei vaksne og dei andre barna. Me arbeidar førebyggjande for å unngå mobbing og krenkingar og me skal sikra eit godt barnehagemiljø (jf. barnehagelova § 41 til 43). Dette gjer me ved å vera tett på barna og vera autoritative vaksne, slik at me skapar ei god tilknyting.

Ved god tilknyting barn - vaksen, legg ein grunnlaget for gode relasjoner, språkleg utvikling og sosial kompetanse som igjen skapar eit inkluderande miljø. Eit inkluderande miljø gir kognitiv og emosjonell utvikling, som legg grunnlaget til danning.

For å konkretisera arbeidet med å fremja god tilknyting og gode relasjoner har me i Naustvågen barnehage fokus på **barnets beste og inkludering**. Den vaksne skal alltid vera autoritativ. Det vil sei at den vaksne skal alltid visa omsorg og varme for barnet samstundes som han/ho set krav og forentningar (grenser) til/for barnet. Den vaksne skal alltid ha ansvaret og han/ho skal vera **større, sterkare, klokare og god**.

Dei tilsette er medvitne rollemodellar og veit at situasjonar som leik, måltid, stell og garderobe-situasjonar er nokre av dei viktigaste arenaene for tilknyting, læring av språk, haldningar og verdiar. Autoritative vaksne er trygge vaksne som kombinerer varme og omsorg med tydelege krav og forventningar. Dette skaper eit miljø der barna utviklar meistringstru og blir meir robuste.

Føremålet med vårt arbeid er at barnehagen skal vera med å påverka at barna får eit positivt sjølvbilete, god psykisk helse og høg sosial kompetanse. Dei skal øva opp evna til å tenkja kritisk, handla etisk og visa solidaritet. Barnehagen har også ei viktig oppgåve i å fremja verdiar og haldningar i kvardagen for å skapa livsmeistring og eit berekraftig samfunn.

I barnehageåret 2025-2026 vil me fortsetja å ha ekstra fokus på robuset barn/leik.

Leik:

Leiken er barnet sin viktigaste aktivitet. Når barn leikar utviklar det heile seg samt at leiken har ein eigenverdi.

Eit godt leikemiljø skal støtta enkeltbarnet, ha gode gruppeprosessar og skapa eit trygt, godt og positivt utviklingsklima som fremjar likeverd. Å ha fokus på leikemiljøet vil fremja inkludering og eit godt psykososialt barnehagemiljø/barnets beste. Eit godt leikemiljø vil også gje overgangar, inn i barnehagen og innad i barnehagen, mjukare og tryggare.

Vårt mål med å ha fokus på dette er å la barna få medverka, utforska og skapa sin eigen leik med støtte frå dei vaksne. Barna må få rom og plass til leik og difor er me medvitne i å leggja til rette for eit leikemiljø som ser innbydande ut og har godt med leikemateriell, som kan brukast på ulike måtar. Kvar avdeling vil arbeida ut frå gruppas sin alder, modning og interesser.

Dei pedagogiske leiarane har ansvar for planlegging, dokumentasjon og vurdering av alt arbeid knytt til avdelinga/gruppas.

Avdelingsmøta og personalmøta blir nytta til refleksjonar kring desse pedagogiske emna. Faglitteratur som bøker og artiklar som byggjer på ny barnehageforskning er viktig i arbeidet vårt.

Heilt konkret vil me gjennom dette arbeidet gje kvart einskilt barn ei kjensle av å vera verdifull og ha tilhørsle til gruppas si. Gode haldningar, verdiar og fokus på å ha eit godt barnehagemiljø gir barna høve til å få gode og magiske stunder med humor og glede, og høve til å utvikla fantasi. Refleksjon kring kjensler, moralske tema og ulike perspektiv i kvardagen hjelper og til å ha fokus på god språkstimulering, som også gir høve til å styrka barna sin sosiale kompetanse, der empati/prososial læring er i fokus.



Samarbeid heim-barnehage

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagelova §1.

Me i Naustvågen barnehage har som mål å etablera eit godt og varig foreldresamarbeid. Me legg vekt på ein god og open dialog og oppmodar de foreldre til å ta kontakt i ulike samanhengar. Til dømes om de ynskjer råd, meir informasjon, samtalar osb.

Foreldremøte/foreldresamtalar

I juni har me foreldremøte for "nye" barn/foreldre som skal starta i august.

Når barnet byrjar i barnehagen har me oppstartsamtale med foreldra i løpet av våren eller den første veka ved oppstart.

Tidleg på hausten har me foreldremøte.

Me har to utviklingssamtalar i løpet av året, på dagtid, ein på hausten og ein på våren.

I den daglege kontakten, på foreldremøtet og i utviklingssamtalane sikrar me at de foreldre får medverka i barnehagen sin praksis.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet består av foreldre, personalrepresentantar og styrar.

Informasjon/kontakt

All informasjon, som brev og liknande som går ut til foreldre, blir lagt på tavla på Kidplan, som er ein app de foreldre får tilgang til.

Kvar avdeling har ei lukka gruppe på Kidplan som me nyttar til «kvardagsglimit» og diverse informasjon.

Barn sin rett til medverknad

«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv.»

«I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet være et grunnleggende hensyn.»

Barnehagelova §3

Korleis arbeidar me for å oppnå desse måla?

Det er særleg tre aspekt som er framtredande i arbeidet til Naustvågen barnehage; sjå, lytt og anerkjenn barnet.

Ved å sjå, lytta og å vera anerkjennande vaksne viser me respekt for barnet. Me viser barnet at det har ein heilt spesiell eigenverdi, me tek deira kjensler på alvor og me er interessert i deira synspunkt på barnehagen. Vidare må me la barna få oppleva at deira påverking på fellesskapet er viktig, dei har ei stemme som dei må læra seg å bruka i eit demokratisk samfunn.

Dei tilsette i barnehagen skal heile tida ha fokus på kva som er det beste for barnet. Barnet skal få lov å sei si mening i saker som angår barnet, me skal sjå, lytta og anerkjenna. Av og til kan det bli usemje mellom barn og vaksen fordi dei to har eit ulikt syn på kva som er det beste for barnet, då skal den vaksne opptre ansvarleg og kanskje også stoppa barnet. At barn har rett til medverknad i eige liv, vil ikkje alltid sei at barnet skal ta alle avgjerder kring seg sjølv, det er ikkje barnet rusta til enno. Barn skal ikkje ha for stort ansvar i høve til eige liv.

Alder og modning gjer at barn har ulike måtar å uttrykkja seg på, dei minste viser med kropp og ansikt, medan dei større klarar å uttrykkja seg verbalt. Det viktigaste for dei tilsette er då å vera observante på uttrykksformene til barna og prøva å tolka og forstå kva dei ynskjer. Nokre barn synst det er vanskeleg å komma fram med synspunkta sine, medan andre meinat noko om mykje. Då er det viktig at me arbeidar med å få fram at me lever i eit demokrati. I eit demokrati skal alle bli hørt, alle skal takast hensyn til, og det er fleirtalet som avgjer. Slik lærer barnet både noko om individ og samfunn og på denne måten kan me etterleva lova om barn sin rett til medverknad.

Overgangar

1. Når barnet startar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med heimen leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.

Rammeplanen 2017.

Naustvågen barnehage har utarbeidd ein eigen overgangsplan for dette. Overgangsplanen er ein arbeidsreiskap for dei tilsette i Naustvågen barnehage. Planen vår er open og gir foreldra høve til å koma med innspel på kva som er best for deira barn i tilvenningsperioden. Me arbeider mot at både barn og foreldre skal oppleva ei trygg tilhørsle og ein god oppstart i barnehagen.

2. Innanfor barnehagen

Kvar vår har me hospitering for dei barna som skal byta avdeling.

Hospitering betyr at ein trygg og kjent vaksen er saman med ei gruppe barn inne på den «nye» avdelinga ein dag i veka frå mai og fram til midten av juni. Dette gjer vi for å skapa tryggleik, forutsigbarheit og gode overgangar for barna.

Når me set saman avdelingane for nytt barnehageår, legg me vekt på fleire ting. Me ser på alder, barnet sitt behov, gruppесamansetning og sosialt samspel. Me tek også omsyn til kjønnsbalanse og korleis me kan skapa eit godt og inkluderande miljø for alle.

Innan juni månad skal både personalet og foreldra ha fått informasjon om kven som skal vera på kva avdeling frå og med august.

3. Barnehage - skule

I samarbeid med skulen har me blitt einige om at det siste halve året barna går i barnehagen, har me ekstra fokus på:

- systematisk språkstimulering
- å bli sjølvstendig i høve til garderobesituasjonen og klara seg sjølv på toalettet
- å venta på tur
- passa på tinga sine
- å ta i mot fleirledda meldingar,
- lytta til andre i samlingar, ved måltidet osb.
- språkleikar som styrker barna sitt språklege medvit
- fokus på lydar og munnmotorikk

- leseopplæring i form av å skapa interesse for bøker og historiar, samt fabulera og laga eigne historiar
- me har finmotoriske aktivitetar for å trena opp fingergrepet i høve skriveopplæringa
- me ivaretek barna sin **nysgjerrigkeit** ved å ta opp saker dei ynskjer å drøfta /læra meir om

I førskuletreninga til barna er leik den arbeidsmetoden som oftast blir nytta. Leik er "på liksom" og det ufarleggjer aktiviteten. På denne måten får barna ei oppleving av å gjera ukjende ting via kjende metodar og dei får ei kjensle av meistring.

Me har samarbeid med fleire barneskular på Stord, jf. overgangsplan barnehage - skule.

Overgangsplanen finn de på www.stord.kommune.no sjå link:

<https://img8.custompublish.com/getfile.php/4728930.2498.wsjutzlbjbtlu/Overgangsplan+barnhage-skule.pdf?return=www.stord.kommune.no>



Omsorg, leik, læring og danning.

Desse fire områda er ein stor del av barnehagekvardagen. For å kunna ivareta barna sine behov innunder desse områda har me skrive litt om kva me i Naustvågen vektlegg under kvart område, samt at me har laga ein progresjonsplan.

Progresjon inneber at alle barn skal utvikla seg, læra og oppleva framgang.

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg

Det uformelle samspelet mellom menneske er ein stor del av barnehagekvardagen. Samspelet mellom barn og dei tilsette må vera prega av tillit, og at dei tilsette er oppriktig interessert i barnet. Dette ynskjer me også skal prega samspelet barn - barn.

Omsorg og respekt skal prega alle situasjonar i kvardagen, og anerkjennande kommunikasjon skal vera «ein raud tråd» i samspelet mellom barn og vaksne.

Dei tilsette skal rettleia barna i vekslinga mellom det å vera eit individ og det å fungera i ei gruppe. Barna skal oppleva tryggleik og utfordringar saman med autoritative vaksne - vaksne som er venlege, men samstundes set tydelege og klåre grenser.

Kva gjer me, trinn 1:

- Me møter kvart einskilt barn om morgonen
- Me ser, lyttar og freistar å forstå barna sine behov
- Me skapar tillit og tryggleik i samspelet ved å sjå barna og akseptera den dei er
- Me anerkjenner barna sine kjensler
- Me er forutsigbare og autoritative vaksne
- Me dekkjer barna sine behov for ro og kvile

Kva gjer me, trinn 2:

- Me tek utgangspunkt i barna sine interesser og byggjer vidare på dei
- Me er autoritative vaksne
- Me gir barna medverknad
- Me er saman og medskapande med barna
- Me tek barna på alvor og har fokus på gode samtalar

Korleis ser me det/kjenneteikn på mål-oppnåing:

- Me ser trygge og glade barn som leikar og er i eit positivt samspel
- Me ser at barna gir uttrykk for kjenslene sine
- Me ser at barna søker omsorg og trøyst
- Me ser at barna let seg trøysta
- Me ser at barna viser glede over å sjå vaksne og barn i barnehagen
- Me ser at barna har tilhørsle til barnehagen

Barnehagen skal ivareta barn sitt behov for leik

Leik er barna sin viktigaste aktivitet!

"Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter."

Barnehagelova § 2.

"Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, venskap og barna sin eigen kultur»

Rammeplanen 2017.

Det er barnehagen si oppgåve å leggja fysisk og organisatorisk til rette for variert leik.

Gjennom leik oppstår barn ↔ barn- og barn ↔ voksen-relasjonar, samt at barnet får høve til å dyrka venskap.

Kva gjer me, trinn 1:

- Me skjermar leik og gir tid til leik
- Dagsrytmen vår gir rom for leik
- Me har deltagande voksne, som rettleiar barna i leiken
- Me har tilsette som er til stades
- Me har tilsette som er i ro
- Me observerer samspelet
- Eit innbydande leikmiljø
- Me har nok leiker

Kva gjer me, trinn 2:

- Gjennom arbeid med tema og turar i nærmiljøet gir me barna eit godt grunnlag for ein kreativ og fantasifull leik
- Me nyttar ofte gruppedeling
- Me tek vare på og skapar gode leikerelasjonar, der dei voksne vurderer si eiga rolle i leiken
- Me legg til rette for og er med på å skapa gode fysiske leikerom
- Me arbeidar med språkstimulering for å fremja leik

Korleis ser me det/kjenneteikn på mål-oppnåing:

- Me ser barn som leikar og har leikekompetanse
- Me ser barn som er trygge og går inn i leik
- Me ser kreativ og skapande leik
- Me ser at leik er utviklande, barna lærer av dei erfaringane dei gjer
- Me ser at leiken er barnestyrt
- Me ser at barna nyttar språket i leiken
- Me ser glede og venskap
- Me ser sjølvstendige, robuste barn som erfarar livsmeistring

Barnehagen skal fremja læring

"Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter"

Barnehagelova § 2.

«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre.»

Rammeplanen 2017.

Barn lærer på ulike måtar og har ulike styrker. Dei lærer gjennom alt dei opplever og erfarer. Dei lærer av å leika saman i ei gruppe og å ha vaksne som gode rollemodellar.

Kva gjer me, trinn 1:

- Me gir tid og ro til leik
- Me legg til rette for ulike opplevingar og erfaringar
- Me vektlegg gode rollemodellar
- Me nyttar alle kvardagssituasjonar til læring
- Me har tema
- Me skapar eit språkstimulerande miljø

Kva gjer me, trinn 2:

- Me har tema og samlingar med utgangspunkt i barna sine interesser
- Me skapar eit inkluderande fellesskap for å leggja til rette for god læring
- Me nyttar tankekart for å synleggjera korleis me arbeider med tema
- Me har turar, tradisjonar m.m. for å gje næring til barna sin leik
- Me er nysgjerrige, lyttande og undrande saman med barna, og barna får medverka
- Me legg vekt på at barna skal oppleva meistring og blir sjølvstendige
- Me ser barnet, set krav og grenser, samt at me har forventningar til det

Korleis ser me det/kjenneteikn på mål-oppnåing:

- Barna er stadig i endring
- Barna opplever meistring og er i utvikling
- Barna tek kontakt og stiller spørsmål
- Barna regulerer åtferda si
- Barna utfører nye handlingar
- Barna er ein del av eit fellesskap - kan nytta seg av dei «sosiale» spelereglane
- Barn leikar

Barnehagen skal fremja danning

Barnet skal bli eit sjølvstendig individ samstundes som det tilpassar seg samfunnet me lever i. Barnet skal få oppleva å vera ein del av ei gruppe, som det er ein viktig del av, samstundes skal det få lov å oppleva seg sjølv, sin eigen verdi og at "eg" er god til noko.

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap»

Rammeplanen 2017.

Danning er ein kontinuerleg prosess som skjer i samhandling med andre menneske. Dei tilsette formidlar heile tida haldningar og verdiar til barna og må difor vera medvitne til kva som ligg i konteksten. Barna skal møta andre barn og tilsette som gir høve til eit godt og positivt samspele. Dialog, leik, opplevelingar, positive erfaringar og autoritative vaksne er verktøy som me nyttar for å oppnå dette.

Kvar einskilt individ skal møtast av vaksne og andre barn med respekt, forståing og anerkjenning. Kap. 8 i barnehagelova, har fokus på dette -> Psykososialt barnehagemiljø § 41-43.

Kva gjer me, trinn 1:

- Gjennom kvardagslege hendingar gir me barna meistringskjensle/sjølvstendighets-trening
- Me har fokus på samhald for å styrka fellesskapen
- Me vektlegg å ta omsyn til kvarandre og retta seg etter reglar og normer i samfunnet
- Me har tema som vektlegg nærmiljø, natur og kultur
- Me har respekt for individua og eit «ikkje-dømmande menneskesyn»

Kva gjer me, trinn 2:

- Me gir barna erfaringar med å foreta kritiske og etiske vurderingar gjennom samspele og dialogar
- Me hjelper dei til å uttrykkja kjenslene sine ved å setja ord på det me ser
- Me lar barna få medverknad og verdset dialogen i høve til tankar, meningar og kjensler
- Me gir barna erfaringar i å vera ein del av ei gruppe, samstundes som dei er eit eige individ -> få ei større forståing for verda ikring dei
- Me ser barnet, set krav og grenser, samt at me har forventningar til det

Korleis ser me det/kjenneteikn på mål-oppnåing:

- Me ser trygge og glade barn som har gode relasjonar til andre barn og vaksne
- Me ser barn som tør å uttrykkja kjensler dei har, me har kultur for å lytta til barna
- Me ser barn som tek kontakt med andre barn og vaksne
- Me ser autoritative tilsette
- Me erfarer barn som klarar å oppretthalda leik etter konflikt
- Me erfarer at barn tileignar seg kunnskap og haldning

Vurdering

"Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet."

Rammeplanen 2017

Observasjon og vurdering er ein naturleg del av vårt daglege arbeid i barnehagen, og det er ein kontinuerleg prosess.

Vurdering underveis er heilt naudsynt for at kvardagen skal vera til det beste for små og store, og for at kvaliteten skal oppretthaldast.

Planmessig vurdering = systematisk innsamling av opplysningar.

Desse innsamla opplysningane blir nytta for å reflektera over og vurdera om det arbeidet som blir gjort står i høve til måla våre og barnehagelova, deretter eventuelt endra til det betre. Slike vurderingar er til god hjelp for oss, slik at me klarar å oppretthalda kvalitet på eit høgt plan.

"Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen.»

Rammelplanen 2017.

Verktøy me nyttar når me vurderer vår praksis:

- Brukarundersøking kvar januar
- Evaluering av tilvenningsperioden (forms)
- Pedagogisk rapport
- Evaluering av store hendingar
- Pedagogisk dokumentasjon på avdelingsmøter/personalmøter
- Samtalar (t.d. rettleiing i gruppe/enkeltperson, medarbeidarsamtale, barneintervju, "her-og-no"-situasjonar, barn ↔ barn, barn ↔ voksen osb.)

Heile personalgruppa er med på vurderinga og me arbeider ofte i smågrupper. Me nyttar foreldrerådet, foreldresamtalar og brukarundersøkinga til Udir for å få foreldra med på vurderinga, samt barneintervju for å ta med barna.

Barnehageåret 2024 – 2025 vil me laga ein pedagogisk rapport på to område:

1.

Kva: Samarbeid mellom heim og barnehage.

Korleis: Pedagogisk rapport

Når: november/desember 2025

Kven skal vera med: heile personalet

2.

Kva: Livsmestring og helse.

Korleis: Pedagogisk rapport

Når: mai/juni 2026

Kven skal vera med: heile personalet

God dokumentasjon = god kvalitet



Digitale verktøy

«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn»

Rammeplan 2017

I Naustvågen barnehage ynskjer me at det skal vera naturleg å nytta digitale verktøy i arbeidet med barna. Kvar avdeling skal ha tilgjengeleg mobil, pc, Ipad og diverse musikk- og lydutstyr. Barnehagen har tilgjengeleg skjerm som kan nyttast saman med digital projektor.

Kva gjer me:

Ved bruk av og utforsking i dei digitale verktøya, ynskjer me å gje barna støtte til læreprosessane deira og gje høve til eit rikt og allsidig læringsmiljø for kvar einskilt. Dette utstyret skal nyttast med omhu og vera med å gje barna ei gryande digital dømmeraft.

Saman med barna kan me bruka digitale verktøy heilt konkret til å t.d. søkja opp informasjon om det barna spør oss om og lurer på. Me kan reflektera over opplysningane me finn, sjå på biletet og gjennkalle opplevingar me har hatt i lag. Me kan også dokumentera opplevingar og skapa digital tekst saman med barna, som forteljingar og eventyr. I tillegg kan me nytta ulike appar til å lesa e-bøker/ASK-bøker. Dette arbeidet vil vera språkstimulerande og bærekraftig med tanke på haldninga til digitale verktøy



Årshjul:

I arbeidet med ulike tema, aktivitetar og tradisjonar skal me gjennom eit barnehageår arbeida med alle dei sju fagområda i rammeplanen, her vil ein veksla mellom spontane og planlagde aktivitetar. Leik er metoden me nyttar.

I løpet av ein dag i barnehagen er me innom dei fleste fagområda.

Fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

I løpet av året skal kvar avdeling kontinuerleg arbeida med arbeidsområdet som omhandlar kroppen, mobbing, vald og overgrep på ulike måtar. For å sikra eit godt og kontinuerleg arbeid har me laga ein prosjeksjonsplan:

Krabben: arbeidar med min kropp og mine grenser

Sjøstjerno: arbeidar med kjensler og mobbing

Kråkebollo: arbeidar med vald og seksuelle overgrep

I starten på kvart barnehageår vil avdelinga avgjera korleis dei skal arbeida i barnegruppa og evt. kva pedagogisk opplegg dei ynskjer å nytta.

Årshjulet er synleg i kalenderen vår og viser aktivitetar og tradisjonar som er felles for alle avdelingar. Denne kalenderen/årshjulet får foreldra på foreldremøtet i starten av september kvart år.

Barna får medverka på barnehagen sitt innhald ved at kvar einskilt avdeling vel tema og prosjekt ut frå alder, kva barna er interessert i og/eller opptekne av.

Aktivitetar, tradisjonar og tema er tilpassa barna sin alder og modning og me har alltid fokus på eit godt barnehagemiljø kap. 8, § 41-43 i barnehagelova.

I planane skal det tydeleggjerast korleis dei ulike avdelingane arbeidar med dei ulike fagområda ut i frå alder og modning, og dei blir sendt ut til foreldra på Kidplan.



Årsplanen er godkjent av SU .30.06.2025.

Leiar i Samarbeidsutvalet: Kim Nedrehegg.

Styrar: Mona Vaage



